



SÆBØ-SKULE
5938-SÆBØVÅGEN
www.radoy.kommune.no

Sæbøvågen, 24.03.2014

Orienteringsskriv til heimane i samband med innføring av nye ordensreglar.

Alle kommunar skal ha ordensreglement for den enkelte skule. Sæbø skule sine reglar er relativt nye, frå 2010, men vi har sett behov for å gjera justeringar når det gjeld konsekvensar av brot på reglane, og system for oppfølging og samarbeid med heimane. Dette førte til at vi hausten 2013 starta ein prosess med justering både av reglar, konsekvens og oppfølging.

Skjema for oppfølging:

- 1. og 2. nyttar eit enkelt tilbakemeldingsskjema som vert sendt heim kvar veke.
- 3.-7. nyttar månadsskjema.

Opplæringslova seier at ordensreglement skal vera ei kommunal forskrift. Det betyr i praksis at reglane skal vedtakast politisk i kommunen. Dette vert gjort i mai, men reglane vert sendt ut og gjeldande frå 31.mars.

Føresette må hjelpa eleven.

Dei yngste av elevane er ikkje i stand til etterleva reglane utan at dei føresette føl opp. Gode rutinar i heimen på å møta på skulen til rett tid, sjekking av nødvendig utstyr og sjekking skulearbeid er nødvendig. Etter kvart som rutinane er godt innarbeidd, greier elevane sjølve å ta ansvar for innhaldet i skulesekken, lekser, bøker, penal og klede med meir.

Lovgrunnlag:

Opplæringslova

§2-9: Ordensreglement og liknande

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtfærd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Forskrift til Opplæringslova

§ 3-5. Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtfærd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtfærd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtfærd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Reglane er utarbeidd i tråd med Forvaltningslova § 2, Opplæringslova §2-9, "Om ordensreglement i grunnskoler og vidaregåande skoler", Udir-07-2005 og endring i forskrift til Opplæringslova (trådt i kraft 01.08.09). Personalet, elevrådet, FAU og SU/SMU har vore høyringsorgan.

Ordensreglane slik dei no ligg føre er vedtekne av rektor 10.03.2014 og er gjeldande frå 31.03.2014

Sæbø skule 24.mars 2014

Rolf Sandstad
rektor

Vedlegg: Ordensreglar Sæbø skule med oppfølgingsskjema, reglar for praktisering.

..... **Klipp av og lever på skulen**



Eg har lese reglane og vil gjera mitt beste for å følgje dei.

Ein av mine føresette har lese og gått igjennom reglane saman med meg.

Dato: _____

Eleven sitt namn : _____



Føresette: _____

Ordensreglar Saebø skule. Gjeldande frå 31.03.2014

Reglane for skulen gjeld på skulen sitt område i helle opningstida til skulen: 07:30 – 16:30.
Reglane gjeld og ved undervisning utanfor skulen sitt område.

Regel	Dette betyr at	Konsekvens av regelbrot
<p>1. Omsyn og respekt</p> <p>På skulen oppfører eg meg slik at andre ikkje kjenner seg plaga eller krenkja. (i.fr. Oppføringslova § 9a-1)</p> <p>Eg rettar meg etter beskjedar frå dei vaksne på skulen</p>	<p>Eg skal oppføre meg slik som eg vil at andre skal oppføre seg mot meg. Vi snakkar fint til og om kvarandre. Vi bannar ikkje eller brukar nedsetjande ord om andre. Vi gjer ikkje noko mot andre så dei får vondt eller vert lei seg. Vert du plaga, prøv å fjerne deg frå situasjonen og sei ifrå til ein vaksen.</p> <p>Alle vaksne på skulen kan seie kva eg har lov til og kva eg ikkje har lov til. Eg må høyre på dei og gjere som dei seier, både når det er undervisning og i friminutt.</p> <p>Eg oppfører meg passande der eg er – eg brukar innestemme når det skal vere roleg, eg går roleg i gangane, lar andre arbeide i fred, rekk opp handa når eg vil seie noko og avbryt ikkje andre. Armane mine held eg for meg sjølv. Beina og.</p>	<p>Samtale med vaksen. Det vert notert. Gjere opp for seg. Bortvisning frå ulike situasjonar. Ved alvorlege tilfelle, kan du verte bortvist frå skulen.</p> <p>Ved gjentakning gjeld reglane i Handlingsplan mot mobbing.</p> <p>Samtale med vaksen. Det vert notert. Utvisning frå ulike situasjonar.</p> <p>Samtale med vaksen. Det vert notert.</p> <p>Bortvisning frå ulike situasjonar.</p>
<p>2. På rett stad til rett tid</p> <p>Eg er presis til timar og aktivitetar, både om morgonen og etter friminutt/pausar. Yttertøy vert plassert på tilvist plass før eg går til undervisning</p>	<p>På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje øydelegg skulen eller skulen sine bøker og utstyr.</p> <p>For å lære treng vi eit skulebygg som er i orden, helle bøker, blyantar med spiss og datamaskiner som fungerer. Det er viktig at eg tar godt vare på dette, slik at eg og dei andre elevane kan lære mest mogeleg.</p> <p>Eg kjem til avtalt stad med ein gong det ringjer, eller på anna avtalt signal/kløkkeslett. Eg er ikkje på rett stad før eg er ferdig i garderoben og klar til læringsaktivitet. Om eg kjem for seint, skal eg liste meg på plass utan å forstyrre undervisninga.</p>	<p>Samtale med vaksen. Blir notert. Kan miste retten til å bruke til dømes PC i ein gitt periode. Ved øydeleggjing kan foreldre få erstatningskrav på inntil 5000kr</p> <p>Det vert notert om du er for sein. Hvis det skjer ofte går du glipp av mykje undervisning og må forvente at du må vere inne i friminutt for å gjere skulearbeid, eller å gjere arbeidet heime.</p>
<p>3. Rett læremiddel, arbeid/innlevering til rett tid</p> <p>Eg er førebudd til timane.</p>	<p>Å vere førebudd til timane betyr å:</p> <ul style="list-style-type: none"> -ha med seg bøker eg treng på skulen -ha gjort lekser og oppgaver eg har ansvar for til rett tid -ha med underskrifter frå føresette -ha med meldingar etter fråvere 	<p>Det vert notert.</p> <p>Har du ikkje med melding etter fråver kan det bli registrert som ugyldig fråver.</p>

4. Rett utstyr til rett tid:	Eg har med meg nødvendig utstyr til timane; det gjeld bøker, skrivesaker og klede. Yttertøy/lue er plassert på tilvist plass før eg går til undervisning.	At eg har skrivesaker, inne-sko, utstyr (t.d. gym-tøy, symje-tøy) og høvelege klede til friminutt og aktiviteter eg skal delta i på skulen. For dei minste elevane må dei føresette ta ansvar for dette. Følg med på vekeplanen! Gym-tøy for dei minste etter avtale med heimane.	Det vert notert. At du ikkje får vere med i gym/badetimen.
5. Arbeidsvanar	Eg kjem raskt i gong med oppgåver og aktivitet. Eg fuskar ikkje på prøvar, ved innlevering eller i skulearbeidet generelt.	Undervisninga er til for at eg skal lære, det er eg som har nytte av å vere konsentrert om læringsaktiviteten og det er meg det går ut over om eg ikkje følgjer med.	Advarsel. Det vert notert ved gjentakning. Samtale med lærar. Jobbe i eige rom. Jobbe i friminuttet.
6. Nettvett og bruk av digitalt utstyr	Eg brukar internett og digitalt utstyr slik tilsette på skulen har sagt til meg.	På skulen har vi datamaskinar fordi dei kan vere nyttige læringsverktøy. Eg har berre lov til å bruke program og nettstader eg har fått lov til, eller har fått i oppdrag å bruke.	Samtale med vaksen. Det vert notert. Kan miste retten til å bruke til dømes PC i ein gitt periode.
7. Utstyr og gjenstandar	Mobiltelefonar er slått av i skuletida. Eg nyttar heller ikkje anna utstyr/gjenstandar som kan uroe i skuletida, skade eller vere til ulempe for andre.	Vi kan ha med oss ting i sekken som vi skal bruke etter skuletid, men om vi tek dei opp kan dei uroe andre. Det gjer eg ikkje i skuletida. Nokre gongar kan vi få i oppdrag av dei vaksne på skulen å ta med oss og bruke ting vi vanlegvis ikkje har med oss på skulen. Då er det i orden.	Samtale med lærar. Det vert notert. Gjenstanden kan bli tatt inn for resten av dagen. Skulen har ikkje erstatningsansvar om utstyr og/eller gjenstandar vert øydelagt, mista eller stole.
8. Mat/snop	På skulen får eg mat som er sunn og næringsrik. Snop, tyggis, drops, brus etc. har eg ikkje med meg.	Eg kan ha med halsdrøps om eg har vondt i halsen og melding frå føresette, men eg har ikkje lov å dele med andre. Når det er turar eller spesielle høve kan det vere lov å ha med matpakke og kanskje kosemat. Då kjem det skriv frå skulen om det.	Det vert notert. Inndragning.

Ved stadlig gjentakning av ein type regelbrot vert heimen kontakta. Det kan og bli aktuelt å informere rektor. Ved alvorlege hendingar kan heimen og rektor involverast same dag.

Dialogformar: Når det oppstår behov for at heim og skule må snakka saman etter brot på ordensreglane, kan det gå føre seg på fleire måtar. Partane kan sjølv vurdere kva form for dialog som er mest tenleg.	Samtale – type møte Telefon SMS E-post Skriftlege meldingar i meldingsbok eller rapport skjema
------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Vedlegg til ordensreglane: Skjema for rapportering (internt), månads skjema, vekeskjema, slik gjer vi det, kva er skulen, heim og elev sitt ansvar.

Skjema for rapportering av regelbrot – Sæbø skule

(til internt bruk)

Regel	X	Dato:..... Kl..... Elev:.....
På rett stad til rett tid Eg er presis til timar og aktivitetar, både om morgonen og etter friminnutt/pausar. Yttertøy vert plassert på tilvist plass før eg går til undervisning.		
 Rett læremiddel, arbeid/innlevering til rett tid: Eg er førebudd til timane.		
Rett utstyr til rett tid: Eg har med meg nødvendig utstyr til timane; det gjeld bøker, skrivesaker og klede. Yttertøy/lue er plassert på tilvist plass før eg går til undervisning.		
Arbeidsvanar: Eg kjem raskt i gong med oppgåver og aktivitet. Eg fuskar ikkje på prøvar, ved innlevering eller i skulearbeidet generelt.		
Omstyr og respekt: På skulen oppfører eg meg slik at andre ikkje kjemner seg plaga eller krenkja. (jfr. Oppføringslova §9a-1)		
Omstyr og respekt: Eg rettar meg etter beskjedar frå dei vaksne på skulen		
Omstyr og respekt: På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje uroar eller øydelegg for andre, og eg held meg innanfor skulen sitt område i skuletida.		
Omstyr og respekt: På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje øydelegg skulen eller skulen sine bøker og utstyr.		
Nettøvt og bruk av digitalt utstyr: Eg brukar Internett og digitalt utstyr slik tilsette på skulen har sagt til meg.		
Utstyr og gjensandar: Mobiltelefon er slått av i skuletida. Eg nyttar heller ikkje anna utstyr/gjenstandar som kan uroe i skuletida, skade eller vere til ulempe for andre.		
Mat/snop: På skulen får eg mat som er sunn og næringsrik. Snop, tyggs, drops, brus etc. har eg ikkje med meg.		

Sign. vaksen observatør:.....

Sign. kontaktlærer:.....

Logget dato

Månadsskjema for Sæbø skule, måned 20.....

Regel	Må verte betre	På god veg	God	Kommentar
<p>På rett stad til rett tid Eg er presis til timar og aktivitetar, både om morgonen og etter friminutt/pausar. Yttertøy vert plassert på tilvist plass før eg går til undervisning</p>				Frå skulen: God = 0-2 merknader, <u>På god veg</u> = 3-5 merknader, <u>Må verte betre</u> = 5+ merknader
<p>Rett læremiddel, arbeid/innlevering til rett tid: Eg er førebudd til timane.</p> <p>Rett utstyr til rett tid: Eg har med meg nødvendig utstyr til timane; det gjeld bøker, skrivesaker og klede. Yttertøy/lue er plassert på tilvist plass før eg går til undervisning.</p>				
<p>Arbeidsvanar: Eg kjem raskt i gong med oppgaver og aktivitet. Eg fuskar ikkje på prøvar, ved innlevering eller i skulearbeidet generelt.</p>				
<p>Omsyn og respekt: På skulen oppfører eg meg slik at andre ikkje kjemner seg plaga eller krenkja. (J:ft. Oppplæringslova § 9a-1)</p>				
<p>Omsyn og respekt: Eg rettar meg etter beskjedar frå dei vaksne på skulen</p> <p>Omsyn og respekt: På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje uroar eller øydelegg for andre, og eg held meg innanfor skulen sitt område i skuletida.</p>				Frå heimen: .
<p>Omsyn og respekt: På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje øydelegg skulen eller skulen sine bøker og utstyr.</p>				
<p>Nettvett og bruk av digtalt utstyr: Eg brukar internett og digtalt utstyr slik tilsette på skulen har sagt til meg.</p>				
<p>Utstyr og gjensandar: Mobiltelefonar er slått av i skuletida. Eg nyttar heller ikkje anna utstyr/gjenstandar som kan uroe i skuletida, skade eller vere til ulempje for andre.</p> <p>Mat/snop: På skulen får eg mat som er sunn og næringsrik. Snop, tyggis, driops, brus etc. har eg ikkje med meg.</p>				

Sign. kontaktlærar:

Sign. elev:

Sign. føreset:
 Lever tilbake til skulen



VEKERAPPORT

Veke

Namn:

Ordens- regel		Øvingsmål		Vurdering	
Omsyn og respekt	Eg kan ha innestemme.			<input type="radio"/>	0 kryss: Grønt lys med smil
				<input type="radio"/>	1 – 7 kryss: Gult lys med flat munn
Omsyn og respekt	Eg er grei med alle	-fysisk		<input type="radio"/>	Meir enn 7 kryss: Raudt lys
		-verbalt		<input type="radio"/>	
Kommentar:					

Elevane får kryss ved regelbrot etter påminning. Lever tilbake til skulen påfølgande måndag.

Sign. kontaktlærer:

Sign. elev:

Sign. førset:

Slik gjer vi det:

- Kven skal notere regelbrot?
-den som ser det av dei vaksne, uavhengig av stilling
- Kor skal regelbrot noterast?
-noter på skjema som heng tilgjengeleg mange stader
-legg skjema i kontaktlærar si hylle
-kontaktlærar loggfører og set i perm
- Kven skal det sendast månads skjema til?
-til 3.-7.klasse
-2.klasse: Vekeskjema til alle med målsettingar frå skulen sine ordensreglar
-1.klasse: Vekeskjema til alle med målsettingar frå skulen sine ordensreglar
- Kor ofte skal det sendast ut månads skjema?
-siste veka i september, oktober, november, før jul, sisteveka i januar, før vinterferien, siste veka i mars, april, mai og ved skuleslutt
- Kor ofte bør det vere kontakt mellom skule og heim i samband med elevar som treng justering av orden og oppførsel
-når det er trong for det, vurdert ut frå omfang og alvorgrad

Ved stadig gjentakning av ein type regelbrot vert heimen kontakta av kontaktlærar. Det kan og bli aktuelt å informere rektor. Ved alvorlege hendingar kan heimen og rektor involverast same dag.

Dialogformar:

Når det oppstår behov for at heim og skule må snakka saman etter brot på ordensreglane, kan det gå føre seg på fleire måtar. Partane kan sjølv vurdere kva form for dialog som er mest tenleg.

Samtale – type møte
Telefon
SMS
E-post
Skriftlege meldingar i meldingsbok eller rapportskjema

Kva er føresette, skulen og eleven sitt ansvar?

Føresette sitt ansvar:	Skulen sitt ansvar:	Eleven sitt ansvar:
<ul style="list-style-type: none"> - gje skulen nødvendig informasjon om barnet - sørkje for at barnet møter i tide til skuledagen - sørkje for at eleven har med seg nødvendig skulemateriell - sørkje for at barnet har med nødvendig utstyr og klede på skulen - samarbeide og hjelpe til med å nå dei faglege måla som er forventta på ulike trinn - følgje opp heimearbeid og skriv til heimen - vere lojale i sin omtale av skulen sitt arbeid i når barnet høyrer på – ta opp usemje direkte med skulen - følgje reglar, normer og avtalar som gjeld i skulen - stille på foreldremøter, utviklingssamtalar og delta i sosiale aktivitetar og i rådsorgana (klasskontakt, FAU, SU) 	<ul style="list-style-type: none"> - leggje forholda til rette for eit trygt miljø på skulen - utarbeide handlingsplanar mot mobbing og uønskt elevåtferd - informere føresette om planar, ordensreglar, konsekvensar av uønskt åtferd. - utvikle barn og unge si tru på seg sjølv - ha blikk for den einskilde elev, gje omsorg, oppmuntring og ros - skape gode arenaer for læring - gje tilpassa undervisning både fagleg og sosialt, slik at elevane opplever å lykkast - vere fagleg oppdatert - utarbeide planar for arbeidet til elevane - informere og samarbeide med føresette om barnet si utvikling - samarbeide med føresette og aktuelle instansar når problem oppstår - innkalle til foreldremøter, utviklingssamtalar og andre nødvendige møte 	<ul style="list-style-type: none"> - møte presis kvar dag - ha med seg blyant og anna nødvendig utstyr på skulen - arbeide godt med heimearbeid - arbeide mot å nå måla i alle fag - delta aktivt i ulike læringsaktivitetar - ta ansvar for eiga læring, og arbeide for å ha god motivasjon for skulearbeid - oppføre seg respektfullt overfor vaksne og andre elevar - respektere og følgje skulen sine ordensreglar - delta i skulen sine rådsorgan (klasseråd, elevråd, plangruppe, SU)

